

Prop. 28 L

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i havressurslova (avgift til fiskeriforskning og overvaking)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 29. november 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår i denne proposisjonen ei endring i havressurslova som gir heimel til å innkrevje avgift til fiskeriforskning og overvaking.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

I Meld. St. 22 (2012–2013) Verdens fremste sjømatnasjon foreslår regjeringa ei prinsipiell omlegging av dagens ordning med forskingskvotar.

Omlegginga inneber at forskingskvotar ikkje lenger skal tildelast for å finansiere forskning og overvaking. Frå 2014 vil forskingskvotar berre bli gitt til undervisningskvotar, nødvendig fangst på forskingsfartøy og i enkelte andre særtilfelle. Forsking, overvaking og reiskapsforsøk som tidligare har vorte finansiert gjennom tildeling av forskingskvotar, skal frå 2014 finansierast gjennom inntekter frå ei generell avgift på førstehandsomsetninga av fisk. Dette vil føre til at hovudtyngda av dagens forskingskvotar etter omlegginga vil gå tilbake til ordinært fiske, og dermed auke den samla kvoteverdien for næringa.

Næringskomiteen hadde ingen merknader til dette i si innstilling til meldinga, Innst. 418 S (2012–2013).

Forslag til forskrift om innkrevjing av avgift til fiskeriforskning og overvaking vart sendt på høyring i juli 2013.

2.1 Bakgrunnen for å innføre ei ny avgift

Fiskeressursane ligg til fellesskapet. Dette er grunngevinga for at delar av totalkvoten blir nytta til å dekkje nødvendige forvaltnings- og forskingsoppgåver.

Forskingskvotane var opphavleg meint å skulle dekkje nødvendig fangst i samband med forskingsaktivitet. Forskingskvotane blir trekte frå den nasjonale kvoten før kvoten blir fordelt mellom dei ulike fartøygruppene i det ordinære fisket. Departementet fastset årleg kva kvantum av kvart fiskeslag Fiskeridirektoratet kan tildele som forskingskvotar, og departementet set opp retningslinjene for fordeling av kvotane. Tildeling til den enkelte forskingsinstitusjonen skjer etter søknad til direktoratet, og institusjonen administrerer sjølv den tildelte kvoten.

Fiskeridirektoratet har også sjølv disponert forskingskvotar til overvakingstenesta si, til praktiske reiskapsforsøk og til felles norsk-russiske målingar av omrekningsfaktorar. Direktoratet sin kvote til overvaking har vore nytta til å overvake fiskefelt ved hjelp av innleigde fartøy, i hovudsak for å beskytte yngel og undermåls fisk ved å stenge og opne fiskefelt.

Dei seinare åra har forskingskvotane i aukande grad blitt brukt til å finansiere fleire typar forskings- og overvakingsaktivitetar. Mellom anna har kvotane blitt nytta til å leige inn fartøy, og ein del av inntektene blir tilbakeført til forskingsinstitusjonen for å finansiere løns- og driftskostnader for forskarane. Dette er ein lite tenleg måte å finansiere forskning på. I tillegg til dei administrative kostnadene ved søknadsbehandling, gir fangstinntekter ei usikker inntekt på grunn av variasjonane i kvotar, fangst og pris.

Dagens kopling mellom forskingskvoten og fiskeslaget som blir undersøkt kan også gå ut over forskning innanfor meir marginale fiskeri, der det ikkje er sett av forskingskvotar. Norske styresmakter pliktar like fullt å overvake tilstanden til alle dei viltlevande marine ressursane.

Dette er bakgrunnen for at ei direkte brukarfinansiering av forskinga gjennom ei fiskeriforskningsavgift blir vurdert som ein betre og ryddigare modell enn dagens bruk av forskingskvotar.

2.2 Kva slags aktivitet skal avgifta finansiere?

Avgifta til fiskeriforskning og overvaking skal først og fremst bidra til å dekkje kostnader med å innhente kunnskapsgrunnlag for ei berekraftig høsting av dei viltlevande marine ressursane, men kan også etter ei konkret vurdering nyttast til anna kunnskapsinnhenting som bidreg til å realisere føremålet i havressurslova.

2.3 Innkrevjing av avgifta

Det skal krevjast avgift for all fangst som til ei kvar tid er omfatta av salslaga sin einerett til førstehandsomsetning etter fiskesalslagslova, fangsta av norskregistrerte fartøy.

Avgifta skal bli kravd inn av fiskesalslaga i samband med avrekning til fiskar av oppgjær for levering.

Avgiftssatsen vil bli fastsett i det årlege statsbudsjettet. Departementet legg til grunn at avgiftssatsen skal ligge mest mogleg fast, og at kostnaden for fiskar følgjer verdien av førstehandsomsetninga.

3 Forslag til endring i havressurslova

Prinsippet om avgift til fiskeriforskning og overvaking er drøfta i Meld. St. 22 (2012–2013). Komiteen hadde ingen merknader. Det er nødvendig

med ein ny lovheimel for å krevje inn ei slik fiskeriforskningsavgift. Departementet foreslår difor å endre § 55 i havressurslova til også å omfatte avgift til fiskeriforskning og overvaking.

4 Høyring av forskrift om innkrevjing av avgift til fiskeriforskning og overvaking

Departementet har hatt på høyring forskrift om innkrevjing av fiskeriforskningsavgift. Forskriftshøyringa var først og fremst ein gjennomgang av prinsippet som vart høyrte og behandla i samband med Meld. St. 22 (2012–2013) Verdens fremste sjømatnasjon. Det var ein eksplisitt føresetnad i høyringa at havressurslova skulle endrast som foreslått i denne proposisjonen.

4.1 Høyringsfråsegner

Det kom høyringsfråsegner frå Fiskebåt, Fiskeridirektoratet, Fiskeri- og havbruksnærings forskingsfond (FHF), Fiskeri- og havbruksnærings landsforening (FHL), Havforskningsinstituttet, LO, Nofima, Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL), Norsk Sjømannsforbund, Norsk Sjøoffisersforbund og Det norske maskinistforbund, og Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (Surofi).

Alle høyringsinstansar, med unntak av Kystfiskarlaget, støttar omlegginga frå forskingskvotar til avgift. Fleire høyringsinstansar understrekar det statlege ansvaret for å finansiere fiskeriforskning og overvaking, og føreset at avgifta ikkje skal kome til erstatning for statlege løyvingar til føremålet. Høyringsinstansane hadde ulike meiningar om avgrensning av formålet for avgifta. Departementet legg til grunn at avgiftsinntektene skal dekkje same formål som forskingsfangsten tidlegare har finansiert. Det betyr at reiskapsforsøk vil bli inkludert. Dette er det tatt høgd for i lovframlegget, jf. punkt 2.2.

Høyringsinstansane hadde òg ulike innspel om avgiftsberekning og justering av avgiftssatsen. Departementet meiner det er mest tenleg å bruke førstehandsverdien utan fråtrekk som grunnlag for berekninga. Departementet legg vidare til grunn at avgiftssatsen skal liggje mest mogleg fast, slik at kostnaden for fiskar følgjer verdien av førstehandsomsetninga. Svingingar mellom år vil bli jamna ut gjennom ei fullmakt til å overføre løyvingane frå eit budsjettår til eit anna. Avgiftssatsen kan likevel bli endra frå andre halvår 2014, dersom det viser seg at avsetninga til forskingsfangst

etter nye retningslinjer avvik mykje frå det som vart lagt til grunn i Fiskeri- og kystdepartementet sin Prop. 1. S (2013–2014).

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dagens ordning med forskingskvotar har skapt mykje administrasjon både ved forskingsinstitusjonane og ved Fiskeridirektoratet, som administrerer ordninga. Det vil vere små administrative kostnader i samband med innkrevjinga av ei ny fiskeriforskningsavgift.

Fiskesalslaga krev i dag inn fleire avgifter på all førstehandsomsetning, og det vil difor vere eit avgrensa meirarbeid å krevje inn ei ny avgift. Dei kostnadene salslaga har med å krevje inn og vida-

resende avgiftsmidlane skal dekkjast av den innkravde avgifta.

Samtidig som det blir innført ei ny avgift, vil hovudtyngda av dagens forskingskvotar gå tilbake til ordinært fiske og dermed auke den samla kvoteverdien for næringa. Sidan det i dag er fastsett forskingskvotar for alle dei store fiskebestandane, vil dei fleste fartøy få auka kvotar.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i havressurslova (avgift til fiskeriforskning og overvaking).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i havressurslova (avgift til fiskeriforskning og overvaking) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i havressurslova (avgift til fiskeriforskning og overvaking)

I

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar blir det gjort følgjande endringar:

§ 55 skal lyde:

§ 55 *Kontrollavgift og avgift til fiskeriforskning og overvaking*

Departementet kan fastsetje forskrifter om kontrollavgift og avgift til fiskeriforskning og overvaking.

Slike forskrifter kan innehalde føresegner om plikt til å svare avgift, korleis ho skal krevjast inn og om opplysningsplikt for den som leverer og den som tek imot fangst når dette er avgjerande for omfanget av avgiftsplikta.

Skuldig avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
